



Geiranger

Det er trygt å bu og arbeide i Geiranger, på Hellesylt, og i alle dei andre bygdene langs Storfjorden.

«Bølgen» er en fiksjonsfilm og avvik frå fakta er både forventa og nødvendige i denne type filmar. Tryggleiken rundt bygdene langs Storfjorden, vurderast ut frå faktabasert informasjon om risiko og tiltak. Dei er trygge å besøke, gjerne for å sjå og oppleve og få vite meir om skredet som kan kome.

Offentlege aktørar jobber strategisk og operativt med mål om å oppretthalde trygge samfunn.

Foto: Fred Jonny Hamnerø og Fanteifilm. TIBB

Risikoen for fjellskred og flodbølger er kjent, grundig kartlagt og vert handtert gjennom døgntkontinuerleg overvaking, system for tidleg varsling, evakueringssoner og evakueringsplanar.

BØ
LG
EN

SPØRSMÅL OG SVAR

Mange års arbeid med risikokartlegging, overvaking og beredskap mot fjellskred og flodbølger ligg til grunn for fakta på nokre naturlege spørsmål knytt til filmen *Bølgen*.

FILM OG FAKTA

Er det trygt å bu ved Storfjorden og spesielt på Hellesylt og i Geiranger?

Ja, det er trygt å bu ved Storfjorden, og det er trygt å besøke området. Risikoen for fjellskred og flodbølger er kjent, grundig kartlagt og handtert gjennom døgkontinuerleg overvaking, system for tidleg varsling, evakueringssoner og evakueringsplanar.

I traileren til filmen ser vi at det går ti minutt frå alarmen går, til bølga skyl innover Geiranger. Er dette realistisk?

Beredskapen legg opp til at «alarmen» om evakuering skal gå lenge før skredet går. Kravet til beredskapen er at evakuering skal iverksettast, når den geofaglege ekspertisen ikkje kan utelukke at det vil kome eit skred dei neste 72 timane. Det er vidare lagt planar som skal sikre at evakuering vert gjennomført i løpet av 1.2 timar. Innanfor det tidsperspektivet vil alle ha god tid til å kome seg ut av området.

Kva er grunnlaget for fjellskredberedskapen – korleis er overvakinga bygt opp?

Overvakinga byggjer på fleire titals ulike og uavhengige målepunkt der rørsler,istingar grunnvatn og andre verdiar vert målte kontinuerleg. Rørslene i fjellet varierer gjennom året, og etter kvart har ein god kunnskap om kva som er normal rørsle. Føremålet med overvakinga er å fange opp unormale rørsler. Og om akselerasjonen varer kan evakuering verte aktuelt.

Vert det gjort noko særskilt overfor barn?

For barn er det utvikla eit eige opplegg frå Kraft- og skredseneteret i Tafjord. Dei brukar maskoten "Dropz" (vassdråpe) til å formidle gjennom spørsmål og svar. Dette er tenkt som eit opplegg på senteret, men kan kanskje også køyrast ut mot skulane. Før film-premieren er det planlagt eigne opplegg på skulane i nærområdet. Premierehelga er det eit eige opplegg på senteret med fjellskred-eksperiment, quiz og geolog som born kan spørje.

Kva er gjort for å informere innbyggjarane om risikoen, overvakinga og beredskapen?

Heilt sidan risikoen vart oppdaga har kommunane og fagmiljøa hatt ein offensiv informasjonsstrategi. Folkemøte har blitt brukt som direktekanal til dei aktuelle innbyggjarane og media har også blitt aktivt brukt. Kommunane og fagmiljøa har lagt vekt på å stille opp og vere opne når media har spurt.

Er det farleg å vere på besøk – får besøkande også varsel?

Det er ikkje farleg verken å bu eller vere på besøk i området. Fjellskred utviklar seg over fleire veker, og alle besøkande vil få beskjed om heving av farenivået gjennom media og lokalt vertsskap. I ein akuttfase vert det sendt ut sms-meldingar til alle mobiltelefonar i og nær fareområdet. Desse meldingane vert sendte på fleire språk.

Kvifor har VI (aktørane) laga (medverka til) ein katastrofefilm ...?

Verken kommunar eller andre aktørar har aktivt medverka til filmen. Men når arbeidet starta vart det vurdert som føremålstenleg å bidra med mest mogleg faktabasert informasjon. Frå første stund har det vore klart at dette er ein katastrofefilm og ikkje ein dokumentar.

Kvifor kan ein ikkje berre sprengje ned heile fjellsida?

Dette spørsmålet er grundig utgreidd, og dei geofaglege konklusjonane er klare på at dette ikkje er ein farbar veg. Det kan føre til destabilisering av eit endå større fjellparti.

Kva med drenering? Vil det ha effekt på rørslene i fjellet?

Det er dokumentert at vatn i sprekkesystema påverkar rørslene, og dersom ein finn ein praktisk måte å drenere ut vatnet, er det iallfall teoretisk mogleg å sjå for seg at dette vil redusere rørslene. Nettopp dette temaet vert teke opp under Åkneskonferansen 26. og 27. august.



Bølgen (2015)

I ei årrekke har det vore laga fiksjonsfilmar frå ulike stadar i verda. «Bølgen» er den første katastrofefilmen som er laga i Skandinavia!

Filmen er regissert av Roar Uthaug og produsert av Fantefilm AS. 26. august er det lokal førpremiere i Geiranger, i samband med Åkneskonferansen 2015.

